

Gullstigen (Bøllås-Blika)

er særleg flott å gå i mai-juni når systemarhand blømer på Bøllås og Blikagardane. Engene på Bøllås ligg nedanfor stien, ved tuftene og fjoset. Når de kjem til Blika, følg bygdevegen 4-500 meter til Blika gruver. De passerer da ei av dei flottaste engene, som ligg på Nord-Blika og kan sjåast på oversida av vegen. Følger de Blikavegen ned i Svartdal, kjem de rett forbi Telespinn - også verdt eit besøk!

Turskikk

- Lat att grinder etter dykk
- Hundar må haldast i band
- Ver venlege og ikkje trakk ut i enger og på jorde som skal slåast

Turistinfo

Bygdesentralen*: Tlf. 35024868
*(Frivilligsentral og sesongope turistkontor)
Hjartdal kommune: Tlf. 35028000

Overnatting og servering

Det er både bed & breakfast, gjestgjevargard og campingplass i bygda, i tillegg til at det blir leigd ut hus, hytter og rom på fleire gardar. Sjå tavlene med turistinfo, eller ta kontakt med bygdesentralen (frivilligsentral/sesongope turistkontor) eller ev. kommunen.

Guiding

Ved å kontakte Kulturlandskapsenteret kan de få tilbod om guiding. Det er ein fordel om det blir teke kontakt litt tid i førevegen. Pris avheng av gruppestorleik.

Bjordalssetra

Ring tlf. 481 49 581 for ev. avtaler.


Kulturlandskapsenteret

Kulturlandskapsenterets driv ulike typar plan, prosjekt- og konsulentarbeid, i tillegg til å arrangere kurs og temadagar og ta i mot førehandsbestilte grupper for omvising og føredrag.
Heimeside: www.kulturlandskapsenteret.no
Tlf. 971 87 758.




HJARTDAL

Turframlegg og kontaktinfo



Gåturar og stigar i Hjartdal Nordbygd (Kyrkjebygda)



NB: Sjå eige kart for
Ambjørndalsstigen!

Turframlegg

NB: Løyper forklart i raud skrift er merka med raude stolpar

Frå Kyrkja/Parkeringsplassen:

- Kvennhusåsen - E134* - Egderudfossen
- Egderudfossen - Bjødrestigen - Hovlandbrekka
- Åbørunnen: Forbi skulen, over brua, til venstre rundt Åbøgrenda og attende via Hovlandbrekka.
- Libørunnen: Forbi skulen, til høgre mot Snikkar, opp Bufersvegen og nedatt Libø- og Lofthusvegen.
- Gullstigen (To-Bøllås-Blika): Gå opp Hovlandbrekka til krysset ved mjølkerampe, følg raude merkestolpar derifrå. Det er ein knapp times gange mellom Bøllås og Blika. Parkerings-/snuplass òg ved Blika gruver. Følgjer de Blikavegen ned, kjem de rett til Telespinn.

Frå Bygdesentralen:

*Gangveg langs E 134 til innkjøring mot fossen:

- Egderudfossen - (oppom Kyrkjeparken) - nedatt Kvennhusåsstigen.
- Bjødrestigen - Togrenda - Bøllås - Blika